

## Møtereferat

Dato: 15.12.2015

Til stades:	Anne Gine Hestetun Anna Elisa Tryti Terje Søviknes Wenche Tislevoll Kåre M. Kleppe Harry Herstad Roger Pilskog Magne Rommetveit Nils T. Bjørke Håkon Rasmussen Thorbjørn Aarethun Matti Torgersen Signe Eikenes (t.o.m. sak 2) Kristian Bauge (t.o.m. sak 3)		
Forfall:	Tom Knudsen Tom-Christer Nilsen Torill Eidsheim		
Emne:	AU kontaktutval for Hordfast - Referat frå møte 14. desember 2015	Sak:	2014/15115-74
Møtetid:	14 desember kl. 12-14	Møtestad:	Fylkesutvalssalen

**Møteleiar:** Anne Gine Hestetun

**Referent:** Matti Torgersen

Møtet vert helde i forlenginga av møte i referansegruppe for E39 Stord-Bokn-Os, som Statens Vegvesen hadde ansvar for. Det ligg føre eit eiga referat frå dette møtet. Presentasjon brukt i møtet følgjer vedlagt.

### 1. Referat frå møte 1. september

Referat frå møte 1. september vart godkjend.

### 2. Orientering om tidligare arbeid i kontaktutvalet

Matti Torgersen, Hordaland fylkeskommune, gav ei kort orientering om tidlegare arbeid i kontaktutvalet. Presentasjon følgjer vedlagt.

Det vil i fortsettinga bli lagt opp til om lag eit møte i halvåret i kontaktutvalet, og om lag 2 møter i halvåret for AU. Dette vil bli justert ved behov.

### 3. Orientering om arbeidet med bompeng grunnlag for Hordfast

Kristian Bauge orienterte om rapport frå Statens Vegvesen om bompeng grunnlaget for Hordfast. Presentasjon følgjer vedlagt

#### **4. Bompeng grunnlag for Hordfast – Drøfting**

Til møtet vart det lagt fram grunnlag for sak til lokalpolitisk prinsippvedtak om bompengefinansiering av E39 Stord- Os med framlegg til delvis bompengefinansiering, modell for finansiering og takstnivå.

Arbeidsutvalet ønskjer å vente med handsaming av sak om tidleg avklaring av bompenggrunnlaget til etter at etatsframlegget frå samferdselsetatane til Nasjonal transportplan 2018-29 blir lagt fram. Ein vil kome attende til dette i neste møte i AU.

#### **5. Arbeidsplan for Kontaktutvalet**

Etatsframlegget til Nasjonal Transportplan skal leggast fram 29. februar 2016, med høyringsfrist til juni 2016. Det må utarbeidast ein kommunikasjonsplan som skal takast opp i neste møte i kontaktutvalet for arbeidet opp mot Nasjonal Transportplan.

#### **6. Eventuelt**

Neste møte i AU til kontaktutval Hordfast heldast 14. mars kl. 10-12, med påfølgjande møte i kontaktutvalet kl 12-14.